
KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**
Nr.21 Mars 1996 7.årg.

HISTORIELAG


Les i dette nummeret:

*Om dramatiske
hendingar ved
Omnesfossen*

Side 3

*Litt av kvart frå ei avis
i 1890-åra*

Side 5



Velkommen til

Årsmøte i

Sjardal historielag 1996

På Sauland menighetshus,


Sjå side 8

GARD OG ÆTT I HJARTDAL TAR FORM

Sogenumnda i kommunen opplyser at siste året har utkast til dei første kapitla i tredje band av Hjartdalssoga vore i sirkulasjon i grendene i Hjartdal. Utkasta blir sende til bebuarar i dei aktuelle grendene til gjennomsyn og korrektur.

Førebels er det manuskriptet for grendene ytst i Gvammen som er ute til gjennomsyn.

Eit mål har vore å få ut boka




til jul 1996, men Sogenumnda ser nok jula 1997 som meir realistisk. Mellom anna er det ein stor jobb med innsamling og redigering av bildestoff frå Hjartdal som står att.

MIKROFILMKORT I SAMLINGA

I HHL-samlinga på biblioteket på Saulandtunet kan ein sitte i fred og ro og studere. Vi vil minne om at ei stor stoffmengde er å finne på mikrofilmkort (mikrofiche). Dette er plastkort som blir lagt i eit leseapparat, slik at teksten kjem fram på ein skjerm. Det tekniske er veldig enkelt.

På slike kort har vi alt av kyrkjebøker for hjartdalsbygdene frå 1600-talet til omlag 1900. Og vi har oversikt over alle emigrantar frå Telemark fram til 1900 (Jensen-arkivet) Desse er ordna alfabetisk etter førnarnamnet på familiefaren i kvar familie som utvandra. Dessverre er dei ikkje sortert i dei enkelte bygdene, så det kan ta si tid å finne fram.

Vi har fått eit leseapparat frå banken. Dette er nå sett skikkeleg i stand, og det står ved sida av historielagsskåpet til bruk for medlemmene.



FRÅ AMBROS T. SOLLIDS ERINDRINGAR

Da fjellet styrtet ned

Neste vinter nært før jul skjedde der en ny ulykke med kvernen. Der løsnet nemlig et klippestykke stort som et lite hus i ufsen og falt ned imot kvernhusveggen så huset kastedes i? alen tilside. Det var såvidt det hang på halstenene. Kvernkallene sto på skrå, og vannet fra rennene stødte like imot veggen.

Men det som var det mest minneverdige for meg var da mølleren, - Hans Fløran kom hjem til Skogen og meldte ulykken.

Klokken var omlag fire om morgenen. Jeg lå våken med far i sengen, mens mor satt fremme ved åren og skulle bake kaker på

Ambros Sollid (1854-1919) brukte den siste tida han levde til å skrive ned livshistoria si. Han budde mesteparten av livet på Viperud i Heddal, men ein periode i barndommen budde han med foreldre på Skogen ved Omnesfossen i Sauland.

Dette vesle utdraget frå livshistoria fortel mellom anna om ei dramatisk hending med den gamle mølla ved Klevbergholet, ved den øvste Omnesfossen.

takke før vi sto opp.

Mølleren kom inn på hoselesten, forresten trøyeløs og lueløs, og med snø overalt. Han hadde stuppet på veien. Da han kom inn skrikende og andpusten, og holdt på med "Gud bevare meg i Jesu Kristi navn!" spurte far om han var blitt gal, eller hva det stod på som var så ille. Da sa Hans: "Eg låg i hytta og sov på benken, kvernene gikk. Da hende - Gud bevare meg i... (osv) det noko som eg ikkje veit kva er. Med ein gong riste huset, så eg tumla av benken. Omnen datt ned og eldmørja for omkring meg. Ljoset slokna og det blei belgmørkt. Ein forskrekkeleg sus blei det, og kvernene hev stansa. Bevare meg i J.K. namn! Au!

Au! Anten er dette sjølve Fanden eller eg veit ikkje... (osv.)”

Far stod opp og spikka fliser til en fakkell, og gikk da ned til kvernen og fikk se hva der var hendt. Alt i kvernhuset måtte flyttes og rettes og rennene forandres, og det ble et svært arbeide. Klippestykket lå imot veggens så lenge huset sto, - i mange år.


To ganger husker jeg Landsverkbro ble bygget opp, og at den reiste i flommen. Det morsomste der var kranen som de drog sten med. Jeg arbeidet sent og tidlig på en slik maskin, men det ble fiasko.

Hos oss bodde noen

broarbeidere, deriblant en tuddøl som hadde en smørask som ikke ble tom. Da de andre spurte ham hvorledes han fikk smøret til å vare så lenge, svarte han: “Eg berre stikk åt det, eg, og da må det vel vara.”

Jeg husker den store skogbrannen i Flørnmarken og i Hyttaåsen i Sauland. Det var antagelig i 1861. Jeg og mor satt om kvelden i Skogkasin? og så derbort. Hele åsen stod i røk og flammer.

Da jeg var 6-7 år, gikk jeg alene helt til posthuset som dengang var på Brekka borti Sauland, og til landhandler Holst som handlet på Nordre Mosebø...



Avisklipp frå 1898 - Bratsberg Amtstiende:

Fra Sauland:

Dyrskuet afholdtes den 19 ds. og var begunstiget af godt Veir, hvorfor fremmødet baade af Folk og Dyr var talrigt. Der blev tilkjendt flere Premier for Samlinger, og forresten kun 2den og 3die for Dyr enkeltvis. 1ste Premie blev her, ligesaa lidt som i Siljord ikke uddelt. Bestyrerlsen stiller nu store Fordringer til Dyr, som skal tilkjendes 1ste Premie, hvilket vistnok er det viktigste, eftersom Reglene er forandret didhen, at Dyr ikke tilkjendes samme Premie mere end en Gang.

Ordenen var denne Gang særdeles rosværdig blandt den forholdsvis store Menneskemasse.

Herredstyrelsesmøde holdtes den 20de sammen med Prestelønningskommissionær Pastor Hauge. Det besluttedes, at alle Ydelser til Prester in natura skulde sløifes eller afløses med Penge af Sognekassene efter Priser som før oppstillet, ligesaa blev det bestemt, at Betalinger

for Skyds og kirkelige Handlinger udredes af Sognekassen. For Saulands og Tuddals Sogns vedkommende bortfalder for Fremtiden al Ofring, medens den endnu er bibeholdt i Hjartdal.

Atter en Barnemordhistorie fra Tuddal. Denne gang en ung Gaardmandsdatter under 20 Aar. Forhør afholdtes igaar, og hun gik til Bekjendelse, at hun havde født om Natten i Sengen paa Sæteren for omtrent 4 Uger siden. Hun laa der med Barnet til Morgen, da hun grov det ned i en Urd. Livstegn kunne hun ikke erfare efter Fødselen. Lægesyn skal afholdes.

Det er sørgeligt, hvor lidet der har gransket efter hvorvidt saadanne ulykkelige Pigers Omgivelser - Husbonde eller Foreldre - under saadanne mistænkelige Omstendigheder gjør sin Plikt. Dette er nu på 3 a 4 Aar det fjerde af disse uhyggelige Tilfælder, uden at man kjender til, at der har været stillet Undersøgelse om, hvorvist Husbonde eller Foreldre har efter Mistanke forbygget, at der er født i Dølgemaal.

(Alf Mostue som har skaffa fram denne artikkelen, opplyser ogsaa om at jenta blei nærmast frikjent. Ho fekk 100 kr. i mulkt og 40 kr. i saksomkostningar.)

ÅRSMELDING 1995

Året 1995 er over, og vi kan nemne følgende:


Medregna årsmøtet 1995 har vi hatt 4 styremøte. Vi har behandla 22 saker.

Året var prega av at det blei større og tyngre saker å arbeide med for laget. Større pengebeløp enn før har også vore inne i bildet.

Frigjeringsjubileet blei den største saka i året som gjekk. Her fekk vi sett korleis laget kan fungere som hjelp og samarbeidspartnar for eldsjeler som vil gjere ein innsats. Svein Vetle Trae - både som kommunetilsett med ansvar for jubileet - og som privatmann/historielagsmedlem, gjekk inn i samarbeid med HHL, og resultatet blei boka "Skriften på veggen", som i løpet av året er skreven, gjeven ut og selt med overskot.

Saka om vern av kulturarven i Hjartdal i samband med eidegdomsoverdragingar, går sin gang, og kommunen er komen inn i bildet. Eit informasjonshefte til hjelp for dei det gjeld er planlagt utgitt.

Heddal mølle har også come på sakskartet. Ved å søke eit legat i Oslo, fekk vi 25.000 kroner til teikning, oppmåling og vurdering av bygget mv. Desse øymerka midlane er brukt til ein arkitekt som har gjort jobben. Dermed har vi eit skikkeleg grunnlagsmateriale for vidare arbeid med mølla. Så vil tida vise om det er mulig å arbeide ut eit opplegg for bruk/vern av dette tradisjonsrike bygget og miljøet.



Elles kan vi nemne at det har komme inn meir litteratur og kjeldestoff til samlinga, og at vi har hatt ein dugnadskveld med ordning i samlinga. Her er det framleis mykje arbeid att før alt er klassifisert og registrert på skikkeleg måte.

Som vanleg har vi gjort ein innsats med å hjelpe mållaget med å gje ut Hjartdalskalenderen.

Og i samarbeid med Museumsteneste for Aust-Telemark ahar vi arrangert ein kveld med registrering og kopiering av historiske fotografi.

REGNSKAP 1995

(Samandrag til bruk i årsmeldinga)

Saldo 1.1.1995 (Driftskonto)	19 836,40
Saldo 1.1.1995 (Bergesen-legatet til Heddal mølle)	25 090,00
Sum banksaldo 1.1.1995:	44 926,40

Litteraturkjøp/salg	kr 210,00
Styre/drift	kr 997,00
Kontingentar	kr 8 060,00
Gåver/Tilskot	kr 6 000,00
Teknisk utstyr (datamaskin).....	kr 18 458,00
Renter.....	kr 1 256,00
“Skriften på veggen” overskot....	kr 9 908,50
Heddal mølle (arkitekt+kopiering).....	kr 21 938,95


Sum kr 25 224,50 kr 41 603,95

Saldo 1.1.1996 (Hjartdal og Gransherad sp.b.)... 28 546,95

Banksaldoen er fordelt på ein driftskonto, ein konto for “Skriften på veggen” og ein konto for Heddal mølle.

Fullstendig regnskap blir tilgjengeleg på årsmøtet.

Vi håper å få Helge Granlund til å revidere som vanleg.



ÅRSMØTET 1996

På Sauland menighetshus. Torsdag 14. mars kl.19.00

-Årsmelding

-Regnskap

-Valg

-Eventuelt


-Vi spanderer kaffe og kaker.

-Kåseri ved Gunnar Sveinsson frå Seljord

-Vi håpar også på eit musikkinnslag.



**Kontaktblad for
Hjartdal Historielag
blir laga av
Sekretæren i HHL.
Bladet blir sendt alle
medlemmer -
deriblant ein del
institusjonar.
Det er tillatt å bruke
og kopiere stoff frå
bladet, men oppgje
kjelde !
Vi vil gjerne at med-
lemmene skriv i**



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND

Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND

Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank:

Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet er utforma ved hjelp av EDB-
programmet MS-Publisher 2.0*